



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE TORSDAG 11.06.20 KL.18.00 - 20.00

Stad: Personalrommet, personalinngang
Tilstade: Aghdas Paya, Sissel Håland, Einar Erga, Margareth S Roba,
og Sylvia Gjersdal, Ingeborg S Braut og Mia E Trones
Meldt forfall: Jan Arild Anda, Inghild Versland og Simon Giæver

Konferanseserommet, personalinngang

SAKLISTE

Sak 24/19-20 Godkjenning av referatet frå 07.05.20

Referatet vart godkjent.

Sak 25/19-20 Orientering om høyring forslag til ny opplæringslov

Sak frå møte 07.05.20.

Adm i kommunen har gått gjennom og har følgjande forslag:

<https://sru.klepp.kommune.no/api/utvalg/1711/moter/305742/behandlinger/6/2>

Høyringsfrist er 1.juli.

Forslag til innstilling:

Driftsstyret støtter forslaget utarbeidd av Klepp kommune.

Innstillinga er vedteken.

Sak 26/19-20 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2020-2022

Rektor legg fram oppsummering frå evaluering for 19/20 og konsekvensar for vidare arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid. Positive erfaringar med utviklingsplan gjeldande for to år, dette blir vidareført.

Orientering om evalueringa som har vore, analysebakgrunn og prioriteringar.

Fagfornyninga og Trygt og inkluderande læringsmiljø kjem til å vere hovudområde dei neste to åra.

Digital kompetanse og språk og lesing kjem til å vere gjennomgåande gjennom heile utviklingsarbeidet, sjølv om det ikkje er egne satsingsområder.

Forslag til innstilling: Driftsstyret tek saka til orientering

Innstillinga vart vedteken.

Sak 27/19-20 Orienteringssaker

- **Utbygging** - status
- **Økonomi** – status



Rektor orienterte om utbyggjing og økonomi så langt i år. Utbyggjinga var noko forsinka grunna masseutskifting og omprosjektering, men er nå snart i rute tidsmessig. HMS er godt ivareteke, skulen har jamnleg HMS-møter med entreprenør og prosjektleiing. Økonomi - Framleis har skulen eit meirforbruk, men dette er nå mindre enn før. Mykje midler er venta inn (refusjonar og statlege midler). Det er forventa å kome i balanse ved årsskifte.

Sak 28/19-20 Utleige 20/21

Leietakarar i år og andre har søkt om å låne/leie på ny. Det er gratis for barn og ungdom i Klepp. Forslag til innstilling:

Alle som har søkt får låne skulen. Dersom det ikkje er tid/kapasitet blir barn og unge i krinsen prioritert.

Innstillinga vart vedteken. Forbehold er koronasituasjonen som kan gjere at skulen ikkje opnar for utleige.

Sak 29/19-20 Forslag møteplan 20/21

Sjølv om ikkje driftsstyret for 20/21 er konstituert er det ønskeleg å vedta møteplan. Denne kan ev justerast på første møte haust 2020. Planen er samkøyrd med FAU.

22.09.20 kl. 18.00-20.00

19.11.20 kl.18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

03.02.21 kl. 18.00-20.00

08.04.21 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

09.06.21 kl. 18.00-20.00

Møteplanen vart godkjent

Sak 30/19-20 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutval Barn & Unge

Elevrådet :

Vedteke at elevrådsstyret blir sitjande over til este skuleår. Nytt val hausten 2020.

Har bevilga pengar til musikklegg, nye bøylemikrofonar og innebandy.

Årsberetning og rekneskap er ferdig og vedteke.

Hovudutvalet: hatt eit møte ,4.juni.

- Kringsgrenser er vedtekne. Framlegg to vart vedteken.
- Barnehagebruksplan

Skulen/SFO:

- Fire avdelingar i SFO frå hausten på grunn av koronasituasjon.
- Koronatiltak jmf skulen sin plan for smittevern. Det er ikkje matsservering i SFO inntil vidare.

Klepp kommune, 11.06.20

Sylvia Gjersdal
Rektor